

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 02.06.2014

Vår ref.: 201101958-10

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Alsaker Fjordbruk AS - søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Alsaker Fjordbruk AS, datert 07.05.2014, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune.

Alsaker Fjordbruk AS søker om å ta ut vatn frå Kvitebergsvatnet i samband med søknad om utviding av produksjonen av smolt. Det vert søkt om eit kontinuerleg vassuttak på 16 m³/min (270 l/s). Det vert og søkt om å regulere Kvitebergsvatnet 1,2 meter, mellom kote 8,8 (LRV) og kote 10 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er hovudsakleg allereie etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papiirutgåve av søknaden, kan de kontakte Ove Gjerde på tlf. 53 54 01 09 eller e-post: ove.gjerde@fjordbruk.no.

Vi ber Kvinnherad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Rosendal fram til **01.09.2014**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **01.09.2014**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Vedlegg: 4 Søknader til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste

Kopi: Alsaker Fjordbruk AS, 5694 ONARHEIM

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks 274, 6701 MÅLØY
FNF Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag, 5460 HUSNES
Kvinnherad kommune, Rådhuset, 5470 ROSENDAL
Kvinnherad turlag, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
Naturvernforbundet Kvinnherad, Austrepollen, 5476
Norsk Ornitologisk Forening v/Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland, Boks 280, 5751 ODDA